

## **Vedtekter for Kåreviksmarka FUS Barnehage AS**

1. Barnehagen er eigd og driven av Kåreviksmarka FUS Barnehage AS

### **2. FØREMÅL**

Aksjeselskapet sitt føremål er på best mogleg måte å etablere og driva Kåreviksmarka FUS barnehage i Stord kommune.

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlyhet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane.

Barna skal få utfalda skaparglede, undring og utforskertrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikla grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetningar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering.

#### **Barnehagen skal drivast i samsvar med:**

- a) Lov om barnehagar og dei av Kunnskapsdepartementet til ei kvar tid fastsette forskrifter og retningslinjer.
- b) Rammeplan for barnehagar.
- c) Vedtak i Kåreviksmarka FUS barnehage.
- d) Årsplan /Verksemdsplan for barnehagen.
- e) Internkontrollforskrifta og barnehagens eigne tryggleiks/internkontrollrutinar.
- f) Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.
- g) Forskrift om tryggleik ved leikeplassutstyr.

Eigne sjekklister og dokumentasjon for internkontroll fins i barnehagens HMS system og beredskapsplanar.

### **3. BARNEHAGEN SINE ORGAN:**

#### **3.1 Eigarstyret**

Eigarstyret er økonomisk ansvarleg for aksjeselskapet og skal vera eit kontrollorgan for barnehagen. Vidare fungerer eigarstyret som barnehagen sitt øvste organ mellom generalforsamlingane.

### **3.2 Årsmøtet (Generalforsamling)**

Årsmøtet (generalforsamlinga) er barnehagen sin øvste myndigheit. Det er egne vedtekter for aksjeselskapet.

### **3.3 Foreldreråd**

For å sikra samarbeid med barna sin heim, skal barnehagen ha eit foreldreråd.

- a) Foreldrerådet består av alle foreldra/føresette i barnehagen og skal fremja deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehage og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.
- b) Foreldrerådet har myndigheit til å vedta at foreldrebetalinga kan setjast høgare enn maksimalsatsane ref § 4 forskrift om foreldrebetaling.
- c) Barnehageeigar skal sørgja for at viktige saker vert førelagt foreldrerådet.
- d) Ved avstemming i foreldrerådet vert det gitt ei stemme pr.barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

### **3.4 Samarbeidsutvalet (SU)**

For å sikre samarbeidet med barnets heim, skal barnehagen ha eit samarbeidsutval.

- a) SU skal vera et rådgevande, kontaktskapande og samordnande organ.
- b) Foreldra og dei tilsette vel ein representant per base til SU. Foreldra og dei tilsette vel tre representantar kvar. Det vil sei at kvar base skal representerast av ein føresett og ein tilsett.
- c) Daglig leiar er eigars representant i SU. Som eigars representant har dagleg leiar stemme-, møte-, tale- og forslagsrett i SU.
- d) SU vert vald for eit år om gongen og konstituerer seg sjølve (val av leiar og sekretær).
- e) SU held møter etter ein oppsett plan, eller etter behov. SU - leiar kallar inn til og leiar møta i SU. Dagsorden skal følgje møteinnkallinga.
- f) Ved likt tal stemmer på samarbeidsutvals møter avgjer dagleg leiar si stemme.
- g) SU skal behandle årsplanen for den pedagogiske verksemda, bli førelagt og har rett til å uttala seg i saker som er av viktigheit for barnehagen sitt innhald, verksemd og forholdet til foreldra. I tillegg kan utvalet ha ansvar for å planleggja samt gjennomføra ulike sosiale arrangement i barnehagen som juletreff og sommaravslutning.

#### **Foreldremøter**

Det skal haldast minst to foreldre møter i året. Dagleg leiar har ansvar for innkalling og gjennomføring.

## **4. OPPTAK - OPPSEIING**

### **4.1 Overordna målsetning:**

Ved opptak av barn skal det leggjast vekt på at barnehagelova sin føremålsparagraf blir ivaretatt og barnehagen sin kapasitet og funksjon utnyttast best mogleg. Det skal vera ein hensiktsmessig samansetning mellom alder og kjønn.

#### **Opptakskrins**

I hovudregelen bør opptak kun gjerast av born som er busett i Stord kommune på søknadstidspunktet. Dersom barnehagen ikkje får fylt opp plassane med barn busett i kommunen kan barnehagen ta opp barn frå omkringliggjande kommunar.

#### **4.2 Tilbod**

Barnehagen har følgjande barnehagetilbod:

100% - 5 dagar / veke

#### **4.3 Prioritering**

Dersom barnehagen ikkje kan tilby plass til alle som søker skal opptak skje med utgangspunkt i den overordna målsettinga (punkt 4.1) og etter følgjande prioritetsrekkefølge.

1. Barn med nedsett funksjonsevne skal ha prioritet ved opptak i barnehagen, jf Lov om barnehagar § 18, med merknader. Barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barnevernstenester §§ 5-1 første ledd bokstav a til d, §3-1 og §3-4 første ledd bokstav b, har rett til prioritet ved opptak i barnehagen.
2. Barn av personalet kan få prioritet dersom tilbod om barnehageplass fordrast for å sikra rekruttering av kvalifisert personale.
3. Søsken av barn som allereie har plass i barnehagen med prioritering etter første barns ansiennitet. Plassen vert tildelt ut frå gruppesamansetting, alder og kjønn om tilhøva elles er likt. Dette gjeld også om barn i barnehagen skal byrja på skulen det året føresette ynskjer plass til aktuelle søsken, og om søsken ikkje oppfyller lovfesta rett til barnehageplass.
4. Barn med lovfesta rett til barnehageplass jf Lov om barnehagar § 16.
5. Barn som elles står på barnehagen si venteliste. Plassen vert tildelt ut frå gruppesamansetting, alder og kjønn om tilhøva elles er likt, jfr.4.1.

#### **4.4 Opptaksmynde**

Barnehagen er med i samordna opptak i Stord kommune.

Søknadsskjema vert sendt til kommunen og barnehagen mottar søkjarlister innan avtalt frist. Dagleg leiar lager ei innstilling i høve samordna opptak og foretar opptak etter punkt 4.1 og 4.3.

Avgjersle skal treffast så snart så mogleg etter at det er motteke ei oppseiing. Ved supplerande opptak i løpet av barnehageåret vert opptaket si overordna målsetting; punkt 4.1 og prioriteringslista; 4.3, haldt. Tildeling av plass skal skje skriftleg.

Ved tildeling av plass signerer foreldre/føresette på at dei har godkjend vedtektene til barnehagen. Dersom en foreldre/foresatt har fått oppsigelse på grunn av manglende foreldrebetaling, og søker plass i en annen FUS barnehage, skal utestående beløp innbetales før det vil være mulig å få tildelt ny plass

#### **4.5 Klagerett**

Søkjjarar som har fått avslag på sitt 1. eller 2. val av barnehageplass ved hovudopptaket har klagerett. Klagefristen er 3 veker etter at meldinga er mottatt eller søkjar burde ha skaffa seg kunnskap om avgjersla jf § 9 i Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehagen. Klagen må leggest fram skriftleg til kommunen, og den skal grunngjevast. Kommunen skal undersøkje dei forhold klagen grunngjev og leggja fram klagen for barnehageeigar jf § 7 og 8.

Den som får medhald i sin klage vil få tilbod om neste ledige plass i barnehagen.

Ved supplerande opptak kan kun søkjarar med lovfesta rett til barnehageplass klage dersom dei ikkje får tilbod om plass jf forskriftenes § 6.

#### **4.6 Opptaksperiode**

Barnehageåret går frå 15. august til 14. august.

Barn som får plass i Kårevikmarka FUS barnehage har fast plass til skulepliktig alder eller til plassen vert sagt opp.

#### **4.7 Permisjon**

Permisjon kan kun innvilgast for eit avgrensa tidsrom dersom særlege tungtvegande grunnar skulle tilsei at dette er rimeleg. Særleg tungtvegande grunnar kan f.eks. vera at barnet sin forsørgjar misser si økonomiske forsørgjarevne, , eller at barnet blir alvorlig sykt og av helsemessige årsaker ikke kan benytte plassen. Sistnevnte dokumenteres av lege''.

#### **4.8 Oppseiing av plass**

Ein plass skal seiast opp skriftleg med 2 månadars varsel. Oppseiingstida vert rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

Oppseiingstida er gjeldande dersom ein takkar ja til plass, men ynskjer å stå på vidare venteliste til 1.ynskjet.

Eigarstyret beheld retten til å krevja full betaling i oppseiingsperioden om plassen ikkje kan overtakast av andre. Oppsagt plass kan overtakast av eit anna barn før oppseiingsperiodens utløp.

Barnehageplass som vert sagt opp etter 1.april må betalast ut barnehageåret. Sjekk barnehageåret i punkt 4.6 i vedtektene. Det betyr at barnehageplass som blir nytta etter 31.05 blir fakturert og må betalast ut barnehageåret.

## **5. AREALUTNYTTING**

Barnehagen sitt leike- og opphaldsareal er satt til 4,0 kvm netto pr. barn over 3 år og 5,3 kvm netto for barn under 3 år. Kor mange barn som ut frå dette kan ha plass innanfor barnehagen sitt totale areal, må likevel vurderast konkret ved kvart opptak. Vedrørande arealutnytting gjeld til ei kvar tid "Lov om barnehagar" .

## **6. OPNINGSTIDER**

Barnehagen held ope fem dagar i veka frå kl. 06.30 - 16.30. Opningstida kan endrast av eigarstyret etter behovsundersøking. Opphaldstid for kvart enkelt barn skal begrensast innafor den angitte opningstida. Barna skal leverast og hentast innafor den fastsette opningstida.

Måndag og tysdag før påske vert redusert opningstid 07.30 til 16.00. Onsdag før skjærtorsdag 07.30 til 12.00

Julafta og nyttårsafta held me stengt.

Romjula vert redusert opningstid til 07.30 til 16.00.

Barnehagen har feriestengt i veke 28, 29 og 30. Det er redusert opningstid i veke 31. Da har me opent 07.30 til 16.00.

Barnehagen har stengt 5 planleggingsdagar i året.

Nærare beskjed blir gitt i god tid.

## **7. FERIE**

Barnehagen har feriestengt i veke 28, 29 og 30. Det er redusert opningstid i veke 31. Da har me opent 07.30 til 16.00.

Det er ein føresetnad at alle barn har ferie saman med sine føresette. Alle barn skal ha 4 veker ferie i løpet av året, 3 av dei skal vera samanhengande mellom 20. juni til 20. august.

Foreldra skal så snart som mogeleg i april gje melding om kor tid barna skal ha sommarferie, og seinast innan 15. april. På bakgrunn av denne informasjonen utarbeider dagleg leiar ferieliste for personalet og plan for sommar drift av barnehagen.

Barn som startar undervegs i et barnehageår, tar ut ferie på same vilkår som for barn som startar 1. eller 15. august

## **8. BETALING**

Foreldrebetaling for ein plass i Kåreviksmarka FUS barnehage AS skal ikkje setjast høgare enn

maksimalgrensa. Maksimalgrensa vert fastsett i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak.

Det skal betalast for 11 månader i året og juli skal vera betalingsfri måned. Matpengar kjem i tillegg.

Ved fråvær må avgifta betalast. Uregelmessig betaling kan forårsake at barnet misser plassen.

Foreldrebetalinga forfell til betaling forskotsvis den 1. i kvar månad. Dersom foreldrebetalinga ikkje er betalt innan forfall på inkassovarsel mister barnet plassen i barnehagen. Det skal betalast fram tom 14. august det året barnet byrjar på skulen. Ved manglande, eller feil i registrering av foreldrebetaling, kan dette justerast i ettertid og få tilbakeverkande kraft.

## **9. MAT**

Barnehagen serverer kald eller varm lunsj kvar dag. Barna tar med matpakke til frukost. Mjølkk og frukt er inkludert i matpengar.

## **10. TILHØVE / FRÅVÆR GRUNNA HELSE**

Forskrift for miljø retta helsevern i barnehage og skule, samt arbeidsmiljølova slår fast at barnehagen som virksomhet og arbeidsplass skal vera helsefremjande. Det betyr at barn og tilsette ikkje skal utsetjast for unødvendig smitte.

Dersom eit barn er sjuk eller har fråvær av andre grunnar skal barnehagen ha melding om dette så snart som mogeleg. Uregelmessig frammøte utan at det vert gitt melding til barnehagen kan medføra at barnet mister plassen.

Sjuke barn må haldast heime slik at dei ikkje smittar andre barn eller personalet.

Dersom barnet ikkje kan vera ute og delta i aktivitetar på lik linje med dei andre barna bør barnet haldast heima. Dagleg leiar avgjer i tvilstilfelle om barnet kan vera i barnehagen.

## **11. ANSVAR**

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Eigarstyret er pålagt å teikne ulykkesforsikring for barna.

Levering og henting av barna er foreldre/føresette sjølv ansvarleg for. Den som følgjer barnet til barnehagen må ikkje forlate barnet før det har vore i kontakt med personalet. Barna skal hentast av ein vaksen person som er kjend for personalet i barnehagen. Dersom barnet skal hentast av ein annan person enn den/dei som vanlegvis hentar barnet, skal barnehagen ha beskjed frå barnets foreldre/føresette om kven som skal henta barnet.

Beskjedar skal givast direkte til personalet.

Aksjeselskapet/personalet har ikkje ansvar for barna sine medbragde klede eller andre eigendelar, t.d.vogner.

Personalet må ikkje ta med barna som passasjerar i eigen bil eller offentleg transportmiddel utan forskrifts messig sikring av barnet, og at det føreligg skriftleg samtykke frå foreldre/føresette.

## **12. INTERNKONTROLL**

Barnehagen skal ha internkontrollsystem i samsvar med forskrift om systematisk helse, miljø og sikringsarbeid (internkontrollforskriftene) og barnehagelovas § 9 om internkontroll. Dokumentasjon vert oppbevart i barnehagen. Internkontroll for helse, miljø og sikkerhetsarbeid er utarbeida for barnehagen og vert kontinuerleg oppdatert av dagleg leiar.

## **13. DAGLEG LEIAR / PERSONALE**

### **13.1 Tilsetjingar**

Barnehagen sin daglege leiar vert tilsett av eigarstyret. Dagleg leiar representerer barnehagen sin eigar og er barnehagen sin daglege administrative og pedagogiske leiar. Dagleg leiar rapporterer til eigarstyret. Øvrig personale vert tilsett av dagleg leiar. Politiattest må leggjast fram ved tiltreding.

### **13.2 Instruks**

Instruks for dagleg leiar vert fastsett av eigarstyret i barnehagen.

## **14. MISLEGHALD**

Dersom foreldre/føresette som har barn i barnehagen bryter eller unnlèt å følgje barnehagens vedtekter, foreldrerådets retningslinjer og avgjersler kan eigarstyret gå til oppseiing av plassen med augeblikkelig verknad. Vanlege reglar for oppseiing vil då gjelda, sjå punkt 4.8.

Det vil kunne medføre til oppsigelse av plass, dersom barnet gjentatte gangar blir hente etter barnehagens ordinære stengtids og dette medfører ekstra lønnskostnader for barnehagen.

## **15. BIDRAG TIL FELLESKAPET I BARNEHAGEN**

Foreldre/føresette vert oppfordra til å bidra med frivillig arbeid for å bidra til fellesskapet i barnehagen.

## **16. TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT**

Dei tilsette i barnehagen har teieplikt i følgje Barnehagelova § 44 og opplysningsplikt i følgje barnehagelova § 45 og § 46.

§44 Taushetsplikt

For verksemder etter denne lov gjeld reglane om taushetsplikt i forvaltningslova §§13 til 13f tilsvarande.

§45 Opplysningsplikt til sosialtenesta og den kommunale helse og omsorgstenesta  
Barnehagepersonalet skal gi sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta bistand i klientsaker. Dei skal i sitt arbeide vera merksame på forhold som bør føra til tiltak frå kommunen si side, og skal av eige tiltak gi sosialtenesta eller den kommunale helse- og omsorgstenesta opplysningar om slike forhold. Av eige tiltak kan opplysningane berre verta gitt etter samtykke frå klienten, eller så langt opplysningane elles kan bli gitt utan hinder av taushetsplikta. Opplysningar skal normalt bli gitt av styrar.

#### §46 Opplysningsplikt til barneverntjenesten

Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid vera oppmerksam på forhold som kan føra til tiltak frå barneverntenesta si side.

Ein kvar som utfører teneste eller arbeidar etter denne lova, skal utan hinder av taushetsplikta melde frå til barneverntenesta utan ugrunna opphald.

- a) når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller anna alvorleg omsorgssvikt
- b) når det er grunn til å tru at eit barn har ein livstrugande eller anna alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling, eller at eit barn med nedsett funksjonsevne eller eit spesielt hjelpetrengande barn ikkje får dekkja sitt særskilte behov for behandling eller opplæring
- c) når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli utnytta til menneskehandel

Einkvar som utfører teneste eller arbeid etter denne lova, pliktar også å gi opplysningar etter pålegg i samsvar med barnevernlova § 6-4.

## 17. **ENDRING AV BARNEHAGENS VEDTEKTER**

Desse vedtektene er vedtatt av eigarstyret i Kårevikmarka FUS Barnehage AS  
**11.12.2024**

Eigarstyret har myndigheit til å endra barnehagen sine vedtekter etter at endringsforslag er førelagt samarbeidsutvalet til uttaling.

Når barn og foresatt blir registrert i mykid, må foresatte bekrefte at barnehagens vedtekter er lest og akseptert. Ved endringer av vedtekter, vil dette forelegges SU, og videre informeres ut til foresatte via mykid.